ODDA KOMMUNE

Hardanger

ODDA KOMMUNE

Jondalstunnelen AS
Agnes Mowinckels gate 5

5008 BERGEN

Hordaland fylkeskommune
14 NOV 2017

| Deres ref. | Arkivsakid-doknr: | 2017000675 - 5 | Saksbeh: | Hege Korssund Lutro | Arkivkode: | Dato: |
|---|---|---|---|---|---|---|
| | Journalpostid: | 2017018362 | Telefon: | 53 65 40 34 | K1-202, K2-Q32 | 09.11.2017 |

## OK-Sak 075/17: Omlegging av takst- og rabattsystemet i Jondalstunnelen

Vedlagt følger vedtak.

*Vedtaket kan påklages til kommunen. Klagefristen er 3 uker regnet fra den dagen da brevet kom fram til påført adressat. Det er tilstrekkelig at klagen er postlagt inne fristens utløp.*

*Klagen skal sendes skriftlig til den som har truffet vedtaket, angi vedtaket det klages over, den eller de endringer som ønskes, og de grunner du vil anføre for klagen. Dersom du klager så sent at det kan være uklart for oss om du har klaget i rett tid, bes du også oppgi når denne melding kom frem.*

Vennlig hilsen
For Arkiv

Hege Korssund Lutro

Marianne Halland
Virksomhetsleder arkiv / personal

Hege Korssund Lutro
Sekretær

ODDA KOMMUNE

| | |
|---|---|
| Arkiv: | K1 - 202K2 - Q32 |
| Arkivsak ID: | 17/675 - 4 |
| Journalpost ID: | 17/16417 |
| Saksh.: | Harald Jordal |
| Dato: | 06.10.2017 |

| Styre, utvalg, komite m.m. | Møtedato | Saksnr |
|---|---|---|
| Odda kommunestyre | 25.10.2017 | 075/17 |

# Omlegging av takst - og rabattsystemet i Jondalstunellen

| Dokumentnr | Tittel |
|---|---|
| 340155 | Dokument 1628476-172 Omlegging av takst- og rabattsystemet i Jondalstunnelen sendt fra Statens vegvesen |
| 340156 | 16_28476-172Omlegging av takst- og rabattsystemet i Jondalstunnelen |

## Rådmannens forslag til vedtak:

1. Odda kommune stiller seg bak forslaget om å endre takstane i Jondalstunellen i tråd med regjeringa sitt forslag om å innføre nytt takst- og rabattsystem slik det er uttrykt i Prop. 1 S Tillegg 2 / Innst. 13 S (2015-2016) og sluttar seg til at ny takst- og rabattordningvert innført for trafikken i Jondalstunellen

2. Dagens tilleggsavtalar for å oppnå lokal rabatt vert avvikla, og det vert innført ein rabatt på 20 pst. for køyretøy i takstgruppe 1 med elektronisk brikke og gyldig brikkeavtale. Det vert ikkje rabattar for køyretøy i takstgruppe 2.

3. Takstane vert (2017-kroner): Kr 105 for takstgruppe 1 og Kr 164 for takstgruppe 2

1. Odda kommune vil -av omsyn til uforholdsmessig stor belasting som fylgje av omlegging av betaligssystemet for dei passerar tunellen «dagleg» som arbeidspendling, barnehage, skule m.v. - at det samstundes med omlegging av takst og rabattsystemet for Jondalstunellen vert vert innført eit betalingstak på 25 passeringar i månaden og / eller 250 passeringar i året for gruppe 1 slik at taket på bompengar ikkje overstig kr 26.250 *( 2017 kroner)* i året for same køyretøy / brikke.

**Rådmannen i Odda 17.10.17**

**25.10.2017 Odda kommunestyre**

**Behandling:**

Kollbotn (R) - alternativt forslag: *Dagens takstar og rabattar ii Jondalstunellen skal ikkje bli dårlegare for dei køyrande enn idag.*

Kollbotn sitt forslag fekk 5 stemmer og fall ved at 22 røysta for innstillinga

**OK-075/17 Vedtak:**

**Rådmannens forslag til**

**vedtak:**

1. Odda kommune stiller seg bak forslaget om å endre takstane i Jondalstunellen i tråd med regjeringa sitt forslag om å innføre nytt takst- og rabattsystem slik det er uttrykt i Prop. 1 S Tillegg 2 / Innst. 13 S (2015-2016) og sluttar seg til at ny takst- og rabattordningvert innført for trafikken i Jondalstunellen

2. Dagens tilleggsavtalar for å oppnå lokal rabatt vert avvikla, og det vert innført ein rabatt på 20 pst. for køyretøy i takstgruppe 1 med elektronisk brikke og gyldig brikkeavtale. Det vert ikkje rabattar for køyretøy i takstgruppe 2.

3. Takstane vert (2017-kroner): Kr 105 for takstgruppe 1 og Kr 164 for takstgruppe 2

4. Odda kommune vil - av omsyn til uforholdsmessig stor belasting som fylgje av omlegging av betaligssystemet for dei passerar tunellen «dagleg» som arbeidspendling, barnehage, skule m.v.at det samstundes med omlegging av takst og rabattsystemet for Jondalstunellen vert innført eit betalingstak på 25 passeringar i månaden og / eller 250 passeringar i året for gruppe 1 slik at taket på bompengar ikkje overstig kr 26.250 ( *2017 kroner*) i året for same køyretøy / brikke.

**Saka gjeld:**
Statens vegvesen (Svv) innleier brevet sitt slik (vedlegg 1)
*« Gjennom behandlingen av Prop. 1 S Tillegg 2/ Innst. 13 S (2015-2016) har Stortinget sluttet seg til regjeringens forslag om å innføre et nytt takst- og rabattsystem for bompengeprosjekter. I det nye systemet legges det opp til en standardisering av rabatter og fjerning av lokale særordninger. I prosjekter som er lagt fram for Stortinget etter 06.11.15, er rabattene fastsatt i tråd med det nye systemet. For prosjekter som er behandlet i Stortinget* ***før dette tidspunktet, betinger omleggingen til det nye rabattsystemet tilslutning fra lokalpolitiske myndigheter»*** * ( mi utheving)

*Jondalstunellen er eit prosjekt som handsama av stortingert **før** automatikkfristen slo inn. Då vert den utheva setniinga ovanfor lagt til grunn og konklusjoen er: Omlegginga treng tilslutning av lokalpolitiske lmyndigheiter.

Kva som er lokalpoltiske myndigheiter er ikkje definert, men rammevilkår for Jondalstunellen og kommunalt engasjement ( m..a finansiering ) har alltiv vore sak for kommunestyret. Saka vedkjem no og i tillegg kommunikasjon innan Ullensvang kommune frå og med 01.01.2020.

Vidare skriv Svv:
*«Fordelene med ensretting av rabattstrukturen vil være størst for prosjekter som skal inngå i de nye regionale bompengeselskapene. Det er imidlertid viktig å understreke at det ikke vil være krav fra statens side om at prosjekter som legges til de regionale bompengeselskapene legger om til standardisert rabattordning. Det er imidlertid rimelig å anta at en slik omlegging er av stor interesse for selskapene. Det er ventet at stordriftsfordelene for de nye regionale bompengeselskapene, i første omgang, vil komme som resultat av omlegging til et felles takst- og rabattsystem. Det er også signalisert for bompengeselskapene at det vil påløpe økte kostnader for drift av systemløsninger som inneholder forskuddsrabatter, da en slik løsning ikke vil være en del av det nye sentralsystemet som etter planen skal tas i bruk fra. 2019.*

*Styret for Jondalstunnelen AS har tidligere hatt den holdningen at Jondalstunnelen AS ikke skulle inngå som en del av det nye regionale bompengeselskapet Sørvest bomvegselskap AS. Dette på grunnlag av informasjon selskapet har fått om relativt kort gjenstående innkrevingsperiode. Gitt informasjon om potensielle økte kostnader forbundet med videreføring av dagens takst- og rabattsystem, vurderer styret for Jondalstunnelen AS at eierne i selskapet; Hordaland fylkeskommune og kommunene Odda, Kvam, Jondal og Kvinnherad bør høres i saken.»*

**Vurdering /drøfting**
Dette er ei sak som ved kjem bompengeinnkrevjing i noverande Jondaltunell. Den påtekte Ripelssåtatunellen vil truleg uansett måtta gå etter nytt system om det vert eit bompengeprosjekt , sjølv om det teknisk sett kan vera slik at Jondaltunellen får utvida bompengekonsesjonen sin til å omfatta avsettingar til Ripilssåtetunellen utan at bompengeperioden vert forlenga..

Frå og med 2019 datasystemet som Jondalstunnelen as i dag brukar verta omlagt. Det er sentralsystemet (CS) som er livsnærva i dagens system. Når denne vert lagt ned i 2019, står selskapet utan denne støttefunksjonen siste driftsåret. Alternativ til dagens sentralsystem utan å gå inn i det nye regionale selskapet er i skrivande stund usikkert.

Dersom Jondalstunnelen as skal halda fram med sitt gamle rabattsystem må dei skaffa seg sitt eige program for å handtera innkrevinga og vil måtta stå utanom det regionale bompengeselskapet og med ei pr dato manglande teknisk løysing.
Jondalstunellen som anlegg vil etter selskapet Jondalstunnelen as sin prognose vera nedbetalt i 2020.

**Auka kostnader ved bortfall av rabatt.**
For dei som treng transport i sitt daglege virke vil omlegginga av betalingssystemet for Jondalstunellen medfører ikkje uvensentlelge meirkostnader. Bompengar er i realiteten ei svært usosial form for skattlegging av dei vegfarande og kjem på toppen av statlege avgifter som meirverdiavgift, drivstoffavgift, vegavgift og statlege avgifter på import og registrering av bil ) I tillegg råkar denne forma (bompengar) for skattlegging svært ujamnt og har ikkje noko med kor langt ein køyrer, men faktisk berre kor ein køyrer. Det er difor eit relativt sentralt tema at nokre må betala dyrt, medan andre som har same pendlingsstrekka til arbeid, skule og barnehage m.m. ikkje betaler bompengar i det heile.

Brevet frå Svv drøftar, men føreslår ikkje innført betalingstak for passeringar av tunellen. Statistikken viser og at det er ikkje så stor del av trafikantan som har høg bruksfrekvens. Jondalstunellen funger berre i avgrensa grad som pendligsveg.

Det vil i praksis og gjera det lettare å skjerma den delen av trafikken som har stort behov. Eg ser det som viktig – at dei som treng tunellen i sitt daglege virke / arbeid , skule m.v. / framleis kan bli – i alle fall delvis - skjerma for kostnadsauken det inneber å ta bort noverande rabattordningar ved forskotsbetaling.

**Gruppe 1.**
Eg tilrår difor sterkt at det vert sett ein betalingstak og at dette vert regulert med to overlappande makstak;

a. Maks 25 passeringar i månaden og
b. Årleg makstak på 250 ( 10 mnd med 25 passeringar i kvar månad)

**Gruppe 2**
Det vert ikkje føreslege betalingstak

**Anna :**
Eller er det oppsiktevekkande å registrera at staten vender seg til 3 nynorskommunar og ein språknøytral kommune som har vedtak på at den skal bli nynorskommune frå 01.01.20 på bokmål og og ber dei same kommune fatta vedtak i samsvar med oversendt framlegg til vedtakstekst - som og er på bokmål

Slik kan vi ikkje ha det. Eg tilrår at kommunane samla fylgjer opp saka på prinsipielt grunnlag. Nynorskkommunar fattar vedtak på nynorsk og bokmålskommuner fattar vedtak på bokmål.

***Økonomiske konsekvensar:***

a. Driftskonsekvensar : Ikkje for kommunen eller Jondaltunellen as, men brukarane –og særleg dei som har høg bruksfrekvens vil få meirkostaner med bruken
b. Investeringskostnader: Nei

***Uttale frå kommunale råd:*** Nei

***Saka sitt forhold til***

*Overordna planar og lovverk:*

a. kommuneplan – samfunnsdel : Ikkje direkte
b. aktuelle lover:Tja

*Folkehelse, livskvalitet og oppvekstmiljø: Ikkje positivt*

a. klima, miljø og energi: Lita tyding
b. verdiskaping og næring : lita tyding

**Samandrag/ konklusjon:**
Omleggiinga vert aksepert under forurtseting av at det ert definert og handheva eit betalingstak for gruppe 1 i samsvar reist framlegg i saka

| | |
|---|---|
| Saka skal ekpederast av: | Sakshandsamar |
| Særutskrift skal sendast til: | Statens vegvesen region vest |
| | Jondal kommune |
| | Kvinnherad kommune |
| | Kvam herad |
| | Ullensvang herad |
| | Jondalstunnelen as |
| | Hardangerrådet |
| | Arkiv |